

Er det enno ikkje blitt klart for oss at dette handlar om verdiane i det landskapet våre barnebarn skal overta? Skal vår generasjon stå fritt til å forsyne seg av alle herlegdomar?

# Kvifor er det så vanskeleg?

## NATURVERN

Nils Georg Brekke,  
professor,  
Bergen Arkitektsskole



**KVIFOR ER DET** så vanskeleg å forvalta landskapet? Dette spørsmålet vart stilt under den nasjonale landskapskonferansen i Bergen november 2009, om kulturlandskapet og den europeiske landskapskonvensjonen. Denne internasjonale konvensjonen, som Norge slutta seg til i 2001 – om dei økologiske, estetiske og historiske verdiane i det landskapet vi lever i – har hittil vore som eit framandord i den norske politiske røyndommen, frå kommuniste til fylkesting og regjering. Er det enno ikkje blitt klart for oss at dette handlar om verdiane i det landskapet våre barnebarn skal overta? Skal vår generasjon stå fritt til å forsyne seg av alle herlegdomar?

**I DEN DAGSAKTUELLE** kampsaka er landskapsvernet blitt ei tverrpolitisk fanesak mot planane om ei høgspenning gjennom Hardangerlandskapet. Frå Folgefonna nasjonalpark vil ein få eit stort utsyn mot ruvande kraftmaster nord for fjorden. Regjeringa sitt ukloke vedtak på sommarfullmakt har løyst ut eit miljøengasjement som vi må tilbake til Alta-saka for å finna ein parallell til.

I 2009 pressa regjeringa også gjennom eit uklokt vedtak om å tillata arealdisponering for eit stort skipsverft i Hansvågen på Neshalvøya i Kvam, på tvers av alle faginstansar og vurderingar av jordvern, biologisk mangfald, kulturarv, reiseliv og lokal næringsutvikling – legitimert med omsynet til arbeidsplassar – i eit grøderikt landskap ved innseglinga til som National Geographic har kåra til ein av verdas vakraste fjordar.

**FRÅ REGJERINGA** kom det eit spakt forsvar for avgjerda om Hansvågen, med den velbrukte metaforen om at ein ikkje kan laga eggedosis utan å knusa egg. Ein meir mislukka metaforbruk kan knapt tenkjast når det handlar om landskapet, men finanskrisa ser ut til å ha sett ein stoppar for dei overambisiøse planane.

Det førte store miljøslaget ved Hardangerfjorden stod for vel ti år sidan. Hadde ikkje Miljøverndepartementet sett foten ned av omsyn til nasjonale verneverdiar, ville vi i dag ha hatt eit enormt pukkverk med ei sky av dieselrøyk og steinstøv hengjande over fjorden på stille sommandagar, og ein 300 meter djupvasskai langs dei storslegne svaberga på Hereiane – Jondal kommunes tusenårsstad – eitt av dei sjeldsynte landskapsrom i Europa.



**HEREIANE:** Dei storslegne svaberga på Hereiane som skrår fleire kilometer ned mot fjorden, er eit sjeldsynt landskapsrom i europeisk målestokk. Å vandra på varme svaberg er ein sensasjon i ordets bokstavelege tyding; vi tar inn landskapet med alle sansar.

FOTO: NILS GEORG BREKKE

**Å FORVALTA** landskapet med langsiktig klokskap er vanskeleg, fordi vi vil mange gode ting på ein gong: gode heimmar, nok energi, sunne hus, rassikre vegar, trygge arbeidsplassar og lokal verdiskaping – samstundes som vi vil ha innhaldsrike lokalsamfunn med naturopplevingar, historie og rekreasjonsverdiar til helsebot for kropp og sjel. Men korleis tar vi vare på kultur- og miljøverdiane i vår tid? Å leggja høgspenning over Besseggen i Jotunheimen, kjernen i vårt nasjonale rekreasjonslandskap, vil nok jamvel statsministeren vika tilbake for, men Hardanger?

**DEN GAMLE HAUGEN** i Tjernagel er eit vitnemål om kortsiktig tenking i vår teknologiske tidsalder. I tre tusen år låg haugen som eit landemerke i Sveio ved Bømlafjorden, der den store fjorden opnar seg når ein kjem frå sør, frå Karmsundet langs nordvegen; NORVEGR. I «Legendarisk Olavssaga» nemner den islandske skalden Torarin Lovtunge denne haugen i si skildring av Knut den mektiges menn som drog frå Danmark til Nidaros i 1028: «Og fram for den gamle haugen i Tjernagel siglde huskarane kvast med fred».

**PÅ DETTE TIDSPUNKTET** i historia,

i slutten av vikingtida, hadde haugen lege der i to tusen år, velkjend som eit seglingsmerke langs leia. Tjernagelshaugen vart liggjande i dette landskapet i nærare tusen år til, fram til 1983. Men som følgje av Teledirektoratet sine utbyggingsplanar måtte ein kortbølgjesendar i nettverket langs kysten plasserast nettopp her. Fredinga vart oppheva og alt vart fjerna på rekordtid.

Så lett er det å skyva til side Noregssoga, jamvel der lovverk og freding er på plass som tunge institusjonar i vernet av dei historiske verdiane i landskapet – eit inngrep som vi i dag vil kalla historisk vandalisme; kortsiktig og uklokt.

**MILJØPERSPEKTIVET** synest nesten fråverande i mange politiske saker både på sentralt og lokalt nivå, trass i ambisiøse miljøprogram, og jamvel om mange utbyggingsaker handlar om inngrep i livsmiljøet – for oss og for våre barnebarn.

Storgarden på Torsnes i Jondal ligg i eit landskap der det også har vore ført ein langdryg kamp, i fylkestinget sommaren og haus-

ten 2009 – om framføringa av Jondalstunnelen frå Mauranger og Nordrepollen til Torsnes. I vegbyggjarane sine planar er det

**Er det mangel på kunnskap eller mangel på klokskap?**

ikkje rom for landskapsverdiane når dei ikkje kolliderer med paragrafar i naturmangfaldlova eller kulturminnelova.

**ETTER MYKJE** regional tautrekking og taktikkeri har Jondalstunnelen fått ein klok og nasjonaløkonomisk fornuftig trase, bak Torsnesbygda og fram mot det punktet i landskapet der ei eventuell framtidig fjordkryssing vil måtta koma – der fjorden er smalt, ved Belsnes.

Det tankevekkjande i denne saka er at den historia som kviler over hovdingsetet frå høgmedlomalderen – i dag eit velstelt og levande lokalsamfunn – blir for lett i vekt og har ingen plass i vegplanane når ein vil plassera ei trafikkmaskin med eit spaghettikryss midt på eit grønt nes, fordi det er det billegaste alternativet. Er det mangel på kunnskap eller mangel på klokskap? Er våre rammer for vekst og utvikling i dag økologisk bere-

kraftige, eller har vi ein livsstil som gjer stadig større innhogg i våre landskapsverdiar?

**DET ER OPENBERT** i vår tid at det som er viktige fellesgode for alle, til rekreasjon, opplevingar og kroppens og sinnets helse, må mykje tyngre inn i all planlegging. Er det ein reell motsetnad mellom verdiskaping i bygdene og folkehelse, friluftsliv og innhaldsrike lokalsamfunn, slik at den økonomiske faktoren er overordna den økologiske? I dette perspektivet vil ruvande kraftmaster over fjella i Hardanger framstå som ein tung nasjonal symbolarkitektur for ein ukritisk energibruk.

**ER INTERNASJONALE** avtalar, som Norge har ratifisert, utan konsekvensar for politikken når viktige avgjerder kjem? Kraftlinja gjennom Hardanger og verftet i Hansvågen må vera klassiske eksempel på det som er intensjonen i den europeiske landskapskonvensjonen; å verna kvalitane i kvardagslandskapet som har verdi for mange. Det er ei mager trøyst å måtta slutta seg til tidlegare riksantikvar Stephan Tschudi Madsens resignerte hjertesukk: «Eftertiden gir oss alltid rett!